

Halvfullt for Arnardo, fleire imorgon?

15.06.2012



Generasjon nummer 4 med ponniar

Arnardo er denne gongen 2 dagar på Rabben og trakk berre omrent halvfullt telt i kveld. Truleg kjem det langt fleire i morgen kveld slik at Uskedalen sitt ry som ein framifrå sirkus-stad blir oppretthalde. Sjølv om vi har sett betre Arnardo-framsyningar er også denne høgst severdig for både unge og eldre. Og for å sitera ein av den siste kategori: Ein blir aldri for gammal til å gå på sirkus.  
**Laurdagsframsyninga startar allereie klokka 16.**



[Det var ein elefant og 4 kamelar denne gongen](#)

Hvis ein skal køyre ei lita rankingliste vil vi faktisk plassera dei musikalske klovnane Sterzas først. Vi kunne gjerne ha sett meir til dei gjennom heile framsyninga og ikkje så sterkt koncentrert om eitt nummer, for dei var hikstande festlege.



[Duo Peris utfordra centrifugalkrafta, her også med amatørartist i nummeret](#)

Første del var litt tam samanlikna med andre del sjølv om nummer som såpeboplepoesien til Diana var betagande og annleis og Duo Peris utfordra centrifugalkrafta sterkt.

Innslaget av dyr var denne gongen akkurat stort nok, med ein elefant, 4 kamelar og diverse hundar.

Vi likte best Duo Serjos kraftfulle nummer i andre delen  
- nest etter klovneria.

Familien Arnardo gjer seg sterkt gjeldande i år og 4. generasjon som heiter Arne Otto Luigi Folco Arnardo og er 2 år var eit sjarmerande bekjentskap sjølv om han har mykje å læra.

Og det er jo eit faktum at uansett kor mykje familiemedlemmene lærer kjem dei aldri i nærleiken av meistaren sjølv som hadde ei utruleg spennvidde og ein evne til å presentera numra sine som var tvilsam terapi for folk med frysenervar. Vi har vore vitne til så mangt i den leia.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Diana i ringtrapes